



Styremøte i Jotunfjell Fjordane EHK

31.08 2010 – telefonmøte

Desse møtte: Per Inge Solvang, Idar Nygård, Arne Fossmo, Olve Steinset og Ola Auale.

Sakliste

1. Vestlandsutstillinga i Sogndal 2010
2. Eppersøkskurset i Markane
3. Utstillinga på Dombås 2010
4. Dressur kurs i Nordfjord – Rugsund Handelsstad
5. Eppersøkskurset i Ørskog
6. Aktivitetshelga i Ramsverk
7. Bandhundkurs i Eikefjorden
8. Registrering av klubben i Brønnøysund registra
9. Samarbeid med Hordaland EHK vedrørende Vestlandsutstillinga
10. Framlegg frå Gaute Åmlid om hundeskole
11. Jaktprøveterrang i Ålfotedalen
12. Protest på tildeling av klubbens vandrepokal på Dombåsutstillinga

Sak 1

Utstillinga i Sogndal var svært vellykka og gav eit fint overskot på kr.7041,-. Klubben har alt sikra seg domar til neste Vestlandsutstilling og dette vert Nils Erik Hågenrud. Ringsekretæren som vart nytta i Sogndal har og sagt seg villeg til å ta på seg denne oppgåve i 2011.

Sak 2

Eppersøkskurset i Markane var ein kjempesuksess og har hausta mange godord. Det er beklageleg at det ikkje er laga ein reportasje frå dette arrangementet og lagt ut på klubbens heimeside. Olve tek på seg hovudansvaret for at dette ikkje er blitt gjort. Arrangementet vil bli omtalt i si bredde i fyrstkommande nr. av klubbens medlemsblad, Forsetenytt.

Arrangementet ser ut til å gå med eit overskot på om lag kr.28.000,-, som skal delast likt mellom Jotunfjell Fjordane EHK og NJFF Sogn og Fjordane. I denne summen er det teke med lova tilskot frå NJFF.

Sak 3

Utstillinga på Dombås var og eit svært vellykka arrangement, som har gjeve kvar av klubbane eit overskot på om lag kr.20.000,- kvar. Det er og avsett kr.5.000,- til neste års utstilling.



Det er kome framlegg om å legge utstillinga fast til Dombås. Styret vil handsame denne saka grundig og legge den fram for årsmøte i februar 2011.

Styret skal kontakte årets utstillingkomite og be dei om å skaffe domarar og ringsekretærar til utstillinga i 2011.

Sak 4

Dressurkurset i Nordfjord var og eit vellykka arrangement med Christian Vole som instruktør. Mange gav uttrykk for at dei ynskte dette som eit fast arrangement kvart år framover. Arrangementet gav klubben eit overskot på om lag kr.2.000,-

Sak 5

Det planlagde ettersøkskurset på Ørskog måtte avlysast pga sjukdom hjå instruktør. Der var elles langt færre påmelde enn forventa.

Sak 6

Aktivitetshelga på Ramsverk vart noko mindre vitja enn forventa, men ein fekk arrangert og gjennomført både bandhund, blod og ferskspor prøve.

Sak 7

Bandhundkurset i Eikefjorden var ein suksess og har hausta mange godord.

Sak 8

Olve, Per Inge og Idar vert samde om å samlast i løpet av hausten for å få ordna med registreringa i Brønnøysund registra, slik at dette er i orden før årsmøte februar 2011.

Sak 9

Styret vil kome attende til framlegget om samarbeid med Hordaland vedrørende Vestlandsutstillinga og legge dette fram for årsmøte i februar 2011.

Sak 10

Gaute Åmlid har kome med framlegg om at klubben tek initiativ til ein "hundeskole" som går over fleire dagar. Per Inge sender framlegget ut til styrets medlemmar til vurdering. Eit alternativ kan vere å ha dette som eit tema/tilbod under aktivitetshelg på Markane. Styret kjem attende til dette på neste styremøte.

Sak 11

Klubben har ein munnleg avtale ned grunneigarar i Ålfoten om å nytte terreng i Ålfotdalen til bandhundprøve. Der vart gått fleire slike prøver i sommar med svært godt resultat for deltakande ekvipasjar. Dette er noko vi bør halde fram med og grunneigarane er positive til dette.



Sak 12

Protesten som kom inn vedrørende tildeling av klubbens vandrepokal under utstillinga på Dombås vart avvist. Pokalen vart delt ut i samsvar med dei statuttar som gjeld for denne.

Referent

Olve Steinset
- sekretær -